



Ard Arealplan AS
7 etasje Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16596 - 21/6117

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-
arell@alver.kommune.no

Dato:
27.01.2021

Avvist søknad om planendring etter forenkla prosess

Reguleringsplan for Frekhaug senter/vest. PlanID 125619951011

Avgjerd

Søknad sist datert 25.9.2020 om mindre vesentleg planendring etter forenkla prosess, jf. Pbl § 12-14 for overnemnde reguleringsplan vert avvist.

Grunngjeving

Alver kommune sendte forslag til endring av plan på begrensa høyring i perioden 22.12.2020 – 31.1.2021 til Statsforvaltaren i Vestland, Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune samd tilgrensande naboar. Regionale,- og statlege mynde vurderer i sine uttaler at blant anna barn og unges interesser, naturmangfald og trafikktryggleik ikkje er tilstrekkeleg ivareteken i den eldre reguleringsplanen for Frekhaug senter/vest. Ei ytterligare bygging av bustader i dette område utan og ta omsyn til nemnde tema, vil vera i strid med plan- og bygningslova si formålsparagraf § 1-1. Alver kommune si vurdering er dermed at pbl § 12-14 andre ledd andre og tredje vilkår ikkje er innfridd og at saka ikkje kan handsamast etter forenkla prosess. Sjå vedlagte uttaler.

Heimel

Dersom planendringa gjeld tiltak i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser som gir grunnlag for motsegn, vil det ikkje vera aktuelt til å gjennomføra endringa etter forenkla prosess, sjå Prop. 149 L (2015-2016).

Avgjerda om planprosess er ei prosess styrande avgjerd og ikkje ei avgjerd som kan klagast på, jf. forvaltningslova § 28.

Kva skjer vidare?

Ynskjer forslagsstillar framleis og gjennomføra planendringa, må det gjerast etter ordinær planprosess. Nytt planinitiativ må sendas inn og oppstartsmøte må bestillast. Innhaldet i vedlagte uttalar, må leggest til grunn for eit eventuelt vidare planarbeid og vil vera sentrale tema ein tek opp i oppstartsmøte.

Mal for planinitiativ og bestilling av oppstartsmøte ligg tilgjengeleg på Alver kommune si heimesida.

Har de spørsmål?

Har de fleire spørsmål i høve til dette er de velkomne til å ta kontakt med planavdelinga v/ Lennart.falkenberg-arell@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttaler_Begrensa høyring

Mottakarar:

Ard Arealplan AS	7 etasje Nygårdsgaten 114	5008	BERGEN
Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Statsforvaltaren i Vestland	Kaigaten 9	5020	BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN